

 HELSE BERGEN <small>Haukeland universitetssjukehus</small>	<h2>Elevar i vidaregåande skule, praksis i Helse Bergen</h2>
Kategori: Forskning, innovasjon og utdanning/Utdanning og kompetanse	Gyldig fra/til:13.10.2023/13.10.2024
Organisatorisk plassering: Helse Bergen HF/Fellesdokumenter/Forskning, opplæring og utdanning	Versjon: 1.02
Godkjenner: Marta Ebbing	Retningslinje
Dok. ansvarlig: Hefte, Merete	Dok.id: D71201

1 Hensikt

Felles rutine for alle elevar i vidaregåande skule som har praksis i Helse Bergen. Elevane kjem i varierende tal, til ulike tider og frå ulike fagområder.

2 Omfang og avgrensing

Gjeld for elevar i vidaregåande skule som ynskjer praksis i sjukehuset.

3 Kven retningslina gjeld for

- Leiarar og kontaktpersonar ved avdelingar/einingar som tek imot elevar til praksis i Helse Bergen
- Lærarar ved vidaregåande skular som har elevar i praksis i Helse Bergen
- Elevar i praksis i Helse Bergen
- Seksjon for kompetanseutvikling i FoU-avdelinga

4 Gjennomføring/ansvar

4.1 Skulen/lærar

- Lærer vurderer om eleven er moden nok til å forstå kva teieplikta inneber
- Lærer rettleiar eleven, slik at obligatorisk e-læring er gjennomført før praksisstart
- Lærer følgjer opp eleven med samtaler etter behov og har ansvar for gjennomføring av vurdering/evaluering
- Lærer får tilsendt
 - Lenke med framgangsmåte til korleis opprette brukar i Læringsportalen
 - Lenke til registrering i Webcruiter, formidlar denne til eleven og hjelper med registrering ved behov
 - Skjema for signering av teieplikt
- Lærer hjelper eleven ev. med å sikre forståing av skjema for signering av teieplikt
- Lærer syt ved behov for at eleven blir informert om og leverer politiattest

4.2 Eleven

- Gjennomfører obligatorisk e-læring og tek skjermbilete av gjennomført kurs før start i praksis
- Registrerer seg og svarer på alle spørsmål i Webcruiter innan gitt frist
- Søker om politiattest, dersom det blir kravd
- Signerer erklæring om teieplikt og leverer denne til kontaktperson i aktuelle avdeling
- Viser skjermbilete av kursgjennomføring til kontaktperson i avdeling ved praksisstart
- Møter til avtalt arbeidstid
- Er motivert og ønskjer å ta imot rettleiing
- Bærer namneskilt med namn og rolle i praksisperioden
- Melder ved sjukdom og anna fråvere frå til kontaktperson i avdelinga

4.3 Seksjon for kompetanseutvikling, FoU-avdelinga

- Rådgiving
- Hjelp med registrering i Webcruiter student
- Overfører eleven i Webcruiter til aktuell avdeling/koststad

- Sende til kontaktperson i Helse Bergen/lærar Vidaregåande skule
 - link til Læringsportalen
 - link til Webcruiter
 - skjema for erklæring om teieplikt
 - dokumentasjon ved behov for politiattest

4.4 Kontaktperson avdeling

- Den avdelinga/eininga som tek imot eleven skal utpeike kontaktperson(ar) som har hovudansvar for eleven i praksisperioden i Helse Bergen. Kontaktperson har ansvaret for:
 - Fagleg oppfølging i praksis
 - Sørge for signering av [erklæring om teieplikt](#). Sendast til Dokumentasjonsavdelinga for arkivering.
 - Sørge for dokumentert politiattest, dersom elevar skal yte helsehjelp til barn og personar med utviklingshemming
 - Minne eleven på å bære namneskilt
 - Be om skjermbilete av gjennomførte obligatoriske e-læringskurs

5 Om forsikring, ID-kort og IKT-tilgangar

- Forsikring:
 - Helse Bergen har forsikringsansvar for alt personell som oppheld seg i sjukehuset, også elevar, studentar og hospitantar. Desse er omfatta av yrkesskadeforsikring i Helse Bergen i samsvar med Lov om yrkesskadeforsikring.
- ID-kort:
 - Som hovudregel skal eleven ikkje ha ID-kort med bilete. Det må vurderast behov for «Lånekort» i avdelinga. Ved behov for tilgang til låste område kan det gjerast unntak om ID-kort med bilete. Drift-teknisk kundesenter utsteder ID-kort. Eleven må ha med stadfesting frå den som er ansvarlig for han/henne i praksisperioden.
- IKT-tilgangar:
 - Som hovudregel skal elevar ikkje ha IKT-tilgangar. Unntak kan gjerast i spesielle tilfelle. Vurderast og bestillast ut i frå konkret behov og nytteverdi.

6 Forankring

Retningslina er forankra i Seksjon for kompetanseutvikling og godkjent av fagdirektør i Helse Bergen.

7 Referanser

[1.1.12.7-01](#)

[Taushetserklæring skjema](#)